

Høgmesse med innviing av nytt orgel 4/2- 2018 Frogner kirke; Kristi forklåringsdag, preiketekst: Mark 9,2-13

Det sit i meg stadig: Lyden, stemninga, alt det som var å sjå på. Eg tilbrakte barndommen min på øya Stord. Foreldra mine gikk i kyrkja omtrent kvar søndag og eg vart med. Dei brunraude benkane og Kristus der framme, i form av ei svære mosaikkaltartavle. Kristus strålar, med utstrakte armar er han vendt mot meg. Noko her inne i Frogner kirke verkar kjent. Ja det er den same Per Vigeland som har vore her også! Og laga ornamenta på orgelgalleriets brystning og også glasvindaug.

Tru og Gud. Forkynning og gudsbilder. Det kjem mot oss, ikkje berre frå det presten seier frå preikestolen. Nei, alt det auga ser og øyra høyrer kan opne opp for det heilage.

Det er noko av det vi feirar i dag. Orgelet og musikken kan formidle nåde, rop, lovsong, klage, takk.

Til lukke Frogner menigheit! Det er ei ære og ei glede å få innvie kyrkjyas nye orgel!

Jesus fortel disiplane for første gong at han skal lide og dø. Deretter tar han tre av dei opp på eit høgt fjell. Der fekk dei i eit glimt sjå noko uventa. Jesus, han dei kjente så godt, forandra seg rett føre augo deira. Han vart nesten lysande i skinande kvitt. Ikkje nok med det, Jesus samtalte med to menneske der oppe, to som hadde levd for lenge sidan. Moses og Elia. Moses veit vi kven er. Det var han som førte folket ut av slaveriet, som på eit høgt berg henta boda og som såg og høyrte Gud i ein brennande tornebusk. Moses var han som frå eit fjell såg inn i det lova landet, men aldri kom dit sjølv. Men Elia? Kva har han å gjere i denne samtalen på fjellet? Som Johannes var Elia ein profet som kritiserte kongemakta. (Hugsar du Akab og Jesabel?) Elia levde asketisk og vart metta av ramnar. Han gjorde fleire under, oppvekte mellom anna enkas son og sørge for matforsyning i Sarepta. Både Moses og Elia forsvann utan å bli funne. Det gikk derfor rykte om at dei kanskje levde og i alle høve ville kome tilbake.

Å sjå eit glimt av Jesus i samtale med desse to sa meir enn mange ord også om kven Jesus var. Elia blir i evangelia samanlikna med Johannes døyparen og Jesus framstod som ein ny Moses.

Ein god del av oss har det sånn at vi har lyst til å kome oss opp på eit kvart fjell vi ser. Kvifor eigentleg? For å sjå utsikten? Ja, kanskje. Kanskje også for å finne ut noko om oss sjølve og våre grensar og om andre? Og av til kan vi oppleve augeblikk der alt blir klårt.

Utsikt kanskje, innsikt? Det treng ikkje vare så lenge, men det vi i eit glimt har sett og kanskje høyr, kastar lys over det som har vore og det som skal kome.

Sterke augeblikk da ein ser noko klart, da ein høyer noko som set ting på plass. Også når det gjeld det som ikkje har nokon plass og ikkje noko synleg uttrykk i den verkeligheita vi lever i. Disiplane såg i glimt ein annan Jesus. Han var den same, men likevel ikkje. Og dei høyrde ein stemme: Dette er den elska sonen min. Høyr han!

Kvifor var alt dette nødvendig? Kanskje fordi vi alle veit og har sett med eigne auge korleis livet er.

Vi treng ikkje skru på *fjernsyn* for å vite at det finst menneske som misbrukar makt, meiningslause konfliktar og menneske som lid og døyr, at det finst sjukdom og vondskap. Det er ikkje lett å tru dei som seier dei vil kjempe for det gode, om nødvendig med livet som innsats. Vi treng ikkje fjernsyn, det er nok å sjå rundt oss. I ein slik situasjon er det til tider vanskeleg å halde fast på at kjærleiken finst og er det som ber tilværet. Kanskje er det derfor disiplane fekk sjå dette glimtet av Jesus saman med Moses og Elia? Og at dei fekk høyre ei stemme som sa at han, akkurat han, ja, han som gjorde sjuke friske og velsigna barn og som nettopp hadde sagt at han skulle døy, *han* var den elska sonen som dei skulle høyre på. Men eg er sikker på at grunnen til at evangelistane fortalde denne historia i ei tid da alt var tilbake til det vante etter alt oppstyret etter påske og pinse, var å halde håpet levande. For å vise at kjærleik finst. Og for å gi oss ei førestilling om at det uhøyrte kan vere sant, at kjærleiken er sterkare enn døden. Og korleis kan ein overbevise om at noko uhøyrte og nesten ikkje synleg, er sant? Nettopp ved å setje sansane i sving.

For det sanselige er viktig, faktisk nødvendig, både for menneskelivet og for kyrkja. Eg treng kanskje ikkje seie det når eg kan sjå gleda i ansikta til alle som på ulikt vis har bidratt til at Frogner menighet frå og med i dag har eit orgel som ikkje berre verkar, men som har blitt eit betre instrument. Rikdommen i musikken og styrken i salmesangen gjer det lettare å tru at det gode og vakre finst. Eg veit mange som seier at dei aldri trur så sikkert som når dei syng salmar og kjenner seg i eitt med kyrkjemusikken. Det er langt fleire enn dei som oppfattar seg som kyrkjefolk som har stor glede av kyrkjemusikk. Den store oppslutninga om kyrkjemusikkfestivalen og også det enorme lokale engasjementet for orgelsaka her viser kor viktig det er for Oslos befolkning. Og det er jo ikkje berre dei vakre tonane når alt er solskinn og glede, som er nødvendig. Vi kan vel knapt tenke oss eit bryllup utan orgel. Endå meir utenkeleg er det med gravferder og også minnestunder etter katastrofar utan musikk. Vi var mange som opplevde kor viktig musikk og songar var for eit heilt folk i sorg og fortvilning

etter 22. juli. Det sanselege er ikkje dekor som ein kan ta vekk for å konsentrere seg om noko indre og viktigare. Tvert imot er det sanseuttrykk som gjer det mogleg å sanse og få eit glimt av livets aller djupaste løyndomar. Kyrkjeromma er bygd for å kunne høyre, men også for å kunne sjå og sanse, sjå kvarandre og få glimt av det heilage i utsmykking, lyset som inn i rommet og i sjølve arkitekturen. Det veit sokneprest Margunn mykje om. Det er derfor det er viktig at kyrkjene kan vere opne for alle. Det er også ein del av det kyrkja kallar åpen-baring. Musikken og ofte den som kjem frå instrumentas dronning er viktig for mange poetar, dei jobber jo også med rytme og uttrykk på sitt vis. Ordføraren valte å sitere frå Øyvind Rimbereids store diktsamling *Orgelsjøen* i si gratulasjonshelsing. Eg gjorde derfor bruk av ein annan stor lyrikar, nobelprisvinnaren Thomas Tranströmer, som sjølv var pianist, i mi helsing. (No kunne eg ha brukt tida på å sitere frå alt det kloke Tranströmer har skrive med utgangspunkt i Schubert eller Haydn, men det kan de jo slå opp i sjølve.) Eg vil i denne pausa i orgelmusikken, berre lese starten på diktet «Pause i orgelmusikken» i Jan Erik Volds omsetjing:

Orgelet slutter å spille og det blir dødsstille i kirken,
men bare et par sekunder.
Så trengjer den svake brummingen gjennom trafikken
utenfor, det større orgelet.

Ja vi er omgitt av trafikkens mumling som vandrer
rundt domkirkens vegger.
Der glir den ytre verden som en gjennomsiiktig film
og med kjempende skygger i pianissimo.

Frogner kyrkje er kanskje ikkje ei domkyrkje, men det er Frogners katedral, bygd inn i husrekkene her på ein eigenarta måte. Og høyrer vi etter, når alt er stille, kan vi høyre lydane utifrå, ikkje berre fuglesongen, men også lyden av trafikk og andre menneskelege lyder. Det er jo noko av det merkelige ved å gå ut av ei museum, eit teater og ei kyrkje: Alt det ein trudde ein hadde vent seg til utafor, plutselig kan framstå som nytt og spennande, i lyset frå det vi har sett, eller akkompagnert av musikk eller ord. Det vi har sansa, om enn for ei kort stund, får oss til å sanse resten av virkeligheita på ein annan måte. Og kanskje kan også gi oss mot til å handle.

I diktet er det ikkje berre det denne ytre verkelegheita som blir meir registrerbar. Det gjer også mitt eige indre, hjarteslaga og pusten. Det kroppslege og det sanselege er nemleg svært tett forbunde med vårt indre liv, med det vi kallar sjela.

Å få eit glimt av noko anna, om enn kort, kan lære oss mykje om kven vi sjølve er og om kva plass vi har i verda, blant alle dei andre. Jesus, den same Jesus som gjorde sjuke friske,

velsigna barna og sa at han ville gå i døden for det han kjempa for, blir sett i eit glimt som ein som kan kaste lys over alt og ein stemme lyd: Dette er min elska son. Høyr han!

Lat oss høyre etter lyden av det guddommelege og høyre etter kva Jesus vil seie oss, vidare både gjennom ord og tonar i denne innviingsgudstenesta og seinare når vi går ut av kyrkjerommet og inn i dei lokalsamfunna vi høyrer heime i.

Ære være Faderen og Sonen og Den heilage Ande som var, er og blir ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.